Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
03.119.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11802 542.1
Dykkar referanse

Sjøtroll HavbrukAS

Rapport frå inspeksjon ved Sjøtroll Havbruk AS på lokaliteten Kjærelva i Fitjar kommune 11. september 2015

Rapportnummer: 2015.094.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Svein Nøttveit - teknisk koordinator
Emil Skjerping - driftsleiar
Willy Skålevik – settefiskansvarleg
Arve Møgster – IK ansvarleg Lerøy/Sjøtroll

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Tom N. Pedersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Etter attendemelding frå Sjøtroll Havbruk AS er det gjort endringar i rapporten. .

Fylkesmannen i Hordaland fann 1 avvik og hadde 3 merknader innan følgjande tema under inspeksjonen:

- vilkår i utsleppsløyve
- internkontroll for ytre miljø
- avfallshandtering

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Sjøtroll Havbruk AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 31. desember 2015 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Fitjar kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Sjøtroll Havbruk AS – lokaliteten Kjærelva	**Risikoklasse:** 2
Besøksadresse: Kjærelva, Fitjar	
Postadresse: Fitjar	
E-post: emilsk@leroy.no	**Telefon:** 56 18 18 00
Kommune: Fitjar	**Organisasjonsnr.**: 929 363 833
Bransjenr. (NACE-kode): 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	**Eigar (org.nr.):** 929 363 833
Løyve sist oppdatert: 16. mai 2014	**Siste tilsyn:** 10. mars 2009

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Fylkesmannen har mottatt fleire klagar frå busette i området kring settefiskanlegget på Kjærelva i Fitjar kommune. Klagene har omfatta utslepp av lukt, støy og mogleg forureining.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- utsleppskontroll
- drift og førebyggande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve datert 16. mai 2014
- mottekne klagar

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 31. desember 2015 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 31. desember, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50.000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Som varsla i e-post skal Sjøtroll Havbruk AS betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 15.900 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyvet datert 16. mai 2014
- dokumentasjon som verksemda la fram under tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre forhold:** Saker som framkom under inspeksjonen og som kan vere nyttig for verksemda å vite om. Her kan også tema som vart diskutert under inspeksjonen inngå, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda driv ikkje i samsvar med deler av løyvet, jf. punkt 6 og 3.2.3

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet datert 16. mai 2014

Kommentarar:

I utsleppsløyvet punkt 6 er det sett grenseverdiar for støy. Det er og sett krav om at Sjøtroll Havbruk AS skal foreta støymåling og/eller utrekning mot dei nærmaste naboane.

Utsleppsløyvet punkt 3.2.3 syner reinsekrava og punkt 11 set krav om måleprogram for utrekning av utslepp.

Avviket er basert på følgjande observasjonar;

Det er blitt utført ein støymåling og berekning som syner at ein fritidsbustad blir utsett for støy. Denne rapporten er ikkje følgt opp med ein handlingsplan for å redusere støy.

Det er ikkje gjort målingar eller utrekningar som syner korleis reinskrava i løyvet er nådd. Det er heller ikkje gjort målingar eller utrekningar av samla utslepp til ytre miljø.

8. Merknader

Merknad 1: Internkontrollen er mangelfull på einskilde punkt

Merknaden er basert på følgjande observasjonar;
Arbeidet med risikovurdering skal involvere alle tilsette. Siste revisjon i 2015 vart gjort av driftsleiar åleine. Prosedyrane for risikovurderingane ikkje fullstendig.

Merknad 2: Verksemda har mangelfull internkontroll for ytre miljø
Miljømål

Fylkesmannen har merknader til miljømål som er sett for verksemda. Det første går på formuleringa om miljøtilstand i resipienten og frekvens for resipientgranskingar som ikkje er i samsvar med dei formuleringane som ligg i utsleppsløyvet. Mål for ytre miljø kan og ta med andre element som reinsegrad på avlaupet, mål for avfallsmengder (farleg avfall) (lista er ikkje fullstendig).

Beredskap

Beredskapsplanane bør gjerast kjend for dei tilsette t.d. gjennom praktiske øvingar ved akutte utslepp.

Merknad 3: Handtering av farlig avfall er ikkje i samsvar med regelverket

Avfallsforskrifta kapittel 11, §§11-5, 11-8 og 11-12
Det var ikkje samsvar mellom prosedyre for avfallshandsaming og plan for avfallshandsaming. Deklarasjonsskjema for levert av fagleg avfall mangla EAL-kodar.

Det bør vere eigen plan for handsaming av slam frå reinseanlegget.